



# Solund kommune

Samfunns- og næringsutvikling

Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

**Arkivsaknr.:**  
23/872

**Journalnr.:**  
24/137

**Arkivkode:**  
K1-144, K2-C20

**Dato:**  
15.01.2024

## Revidering av handlingsprogram til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - 2024

KOMMUNESTYRE Sak - 064/23:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Handlingsprogrammet for ordinære anlegg (vedlegg 2), og handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg (vedlegg 3), til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert vedteke slik det ligg føre.

Solund kommune vedtek slik prioritering av spelemidelsøknadane for 2024:

Ordinære anlegg:

1. Tursti Sognesjøhytta
2. Ramnenipa rundt

Nærmiljøanlegg:

1. Dekkelegging og lyssetting av aktivitetsområde Eide
2. Kulturvandring Hardbakke

Dersom ein søknad ikkje oppfyller alle krav innan fristen som fylkeskommunen set, rykkjer påfølgjande søknader opp ein plass på prioriteringslista.

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





# Solund kommune

## Saksframlegg

**Arkiv:** K1-144, K2-C20  
**ArkivsakID:** 23/872  
**JournalpostID:** 23/3351  
**Sakshandsamar:** Anne Kristine Dyrdal  
**Dato:** 30.10.2023

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
062/23	FORMANNSKAP	09.11.2023
003/23	Solund Ungdomsråd	20.11.2023
064/23	KOMMUNESTYRE	07.12.2023

## **Revidering av handlingsprogram til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - 2024**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsprogrammet for ordinære anlegg (vedlegg 2), og handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg (vedlegg 3), til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert vedteke slik det ligg føre.

Solund kommune vedtek slik prioritering av spelemidelsøknadane for 2024:

#### Ordinære anlegg:

1. Tursti Sognesjøhytta
2. Ramnenipa rundt

#### Nærmiljøanlegg:

1. Dekkelegging og lyssetting av aktivitetsområde Eide
2. Kulturvandring Hardbakke

Dersom ein søknad ikkje oppfyller alle krav innan fristen som fylkeskommunen set, rykkjer påfølgjande søknader opp ein plass på prioriteringslista.

## **09.11.2023 FORMANNSKAP**

### **Handsaming:**

*Votering:*

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**FOR-062/23 Vedtak i:**

Handlingsprogrammet for ordinære anlegg (vedlegg 2), og handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg (vedlegg 3), til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert vedteke slik det ligg føre.

Solund kommune vedtek slik prioritering av spelemidelsøknadane for 2024:

Ordinære anlegg:

1. Tursti Sognesjøhytta
2. Ramnenipa rundt

Nærmiljøanlegg:

1. Dekkelegging og lyssetting av aktivitetsområde Eide
2. Kulturvandring Hardbakke

Dersom ein søknad ikkje oppfyller alle krav innan fristen som fylkeskommunen set, rykkjer påfølgjande søknader opp ein plass på prioriteringslista.

**20.11.2023 Solund Ungdomsråd**

**Handsaming:**

Ordførar orienterte om saka.

**U-003/23 Vedtak i:**

Det vert ikkje gjort vedtak i saka då utvalet ikkje er vedtaksføre.

**07.12.2023 KOMMUNESTYRE**

**Handsaming:**

*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**KOM-064/23 Vedtak i:**

Handlingsprogrammet for ordinære anlegg (vedlegg 2), og handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg (vedlegg 3), til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert vedteke slik det ligg føre.

Solund kommune vedtek slik prioritering av spelemidelsøknadane for 2024:

Ordinære anlegg:

1. Tursti Sognesjøhytta
2. Ramnenipa rundt

**Nærmiljøanlegg:**

1. Dekkelegging og lyssetting av aktivitetsområde Eide
2. Kulturvandring Hardbakke

Dersom ein søknad ikkje oppfyller alle krav innan fristen som fylkeskommunen set, rykkjer påfølgjande søknader opp ein plass på prioriteringslista.

**Vedlegg i saka:**

02.01.2024      Framlegg Handlingsprogram del 2 og 3 til KDP fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024 v2

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2024

KOM-sak 072/19 Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2023

Handlingsprogram 2019 – 2023K. sak 003/22: Revidering av handlingsprogram til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - 2023

F.sak 006/22: Forprosjekt oppgradering tursti Ramnenipa rundt

Spelemiddelsøknad: Ramnenipa rundt

Prosjekt Tursti Sognesjøhytta

**Kva saka gjeld:**

Prioritering av spelemiddelsøknader for 2024 og revidering av del 2 og 3 av handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

**Saksutgreiing:**

Om spelemiddelordninga:

Spelemidlar (dvs. del av overskotet frå Norsk Tipping AS) er det viktigaste verkemiddel som kan bidra til bygging eller rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Kulturdepartementet løyver kvart år ei ramme som Vestland fylkeskommunen får til å fordele til søknader om idrettsanlegg og aktivitetsanlegg som har kome inn frå kommunane i fylket.

For å kunne søkje spelemidlar, er det eit vilkår at ordinære anlegg er prioritert i handlingsprogrammet til vedteken kommunal plan. Solund kommunestyre vedtok i KOM-sak 072/19 Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2023. Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for anlegg og ei uprioritert liste over anlegg.

Handlingsprogrammet inneheld eit oversyn over anlegg som er i posisjon til å søkje spelemidlar dei neste 4 åra, og skal reviderast kvart år. Det vart gjort ei revidering av handlingsprogrammet i 2022. Revideringa kan innebere endringar i prioriteringar, og anlegg frå planen si uprioriterte liste kan verte ført over til handlingsprogrammet. Anlegg som ikkje er del av vedteken kommunedelplan, kan òg innarbeidast i planen og handlingsprogrammet ved den årlege revideringa.

Det vert handsama ei politisk sak i kommunestyre 7. desember 2023 om vidareføring av Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2023, der planen får verkeperiode til 2025.

Spelemiddelsøknadene blir delt inn i tre søknadstypar:

- Ny søknad: søknader der det ikkje har vorte søkt om spelemidlar tidlegare.
- Fornya søknad: søknader som har søkt tidlegare og vorte godkjent, men som ikkje har fått tildeling grunna manglande midlar hos fylket. Det kan også vere søknader som er endra frå førre gong ein sökte.
- Gjenteken søknad: dette er søknader om tilskot til anlegg som har fått startløyve, og som søker om resterande tilskot.

I tillegg er det ei fordeling i anleggstype:

- Ordinære anlegg er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert aktivitet.
- Nærmiljøanlegg er utandørs anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, lokalisert i tilknyting til bu og/eller aktivitetsområde.

Vestland fylkeskommune har i tillegg vedteke anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for fylket. Av desse går det fram at 15 prosent av årleg tildelt spelemiddelramma til Vestland fylke skal gå til nærmiljøanlegg og 85 prosent skal gå til ordinære anlegg. I tillegg er det ei føring om at tildeling til ordinære anlegg ikkje kan skje før tidlegast 3. søknadsår for å utjamne ventetida mellomkommunane.

Søknader om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet skal leverast elektronisk til Solund kommune på [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no). Solund kommune si vedtekne prioritering av spelemiddelsøknadene for 2022 vert ettersendt til fylkeskommunen. Fylkeskommunen legg kommunane sine vedtekne prioriteringslister til grunn ved tildeling av spelemidlar til nærmiljø- og ordinære anlegg styrt av kommuneplanar.

Ved tildelinga i 2023 fekk Solund kommune følgjande spelemiddeltilskot:

- 2,1 mill. til Idrettshus ved Solund Idrettspark (Solund treningscenter - ferdigstilt)
- 275.000 kr. Utviding av sendebrettbana (under arbeid)

Krav til søknad om spelemidlar:

Det er mange krav til ein spelemiddelsøknad, der mange moment må vere avklart ned på eit ganske detaljert nivå på søknadstidspunktet. Dette inneber til dømes eigarskap, grunneigaravtalar, utforming og funksjonalitet, kostnader, dokumentasjon på fullfinansiering, dokumentasjon på dugnad og større kostnader og vurdering av behovet for anlegget.

Spelemiddelsøknader i Solund 2024:

Solund kommune har ikkje motteke signal om spelemiddelsøknader frå andre aktørar.

Det vart orientert munnleg i kommunestyre 8. juni 2023 om at Solund kommune måtte seie frå seg løyvingane som var tildelte til prosjektet knytt til tursti til Sognesjøhytta og kulturvandringa. Fristen for å gjennomføre gjekk ut, utan at det var kapasitet til å

gjennomføre prosjektet. Signala frå Vestland fylkeskommune og irrelevante endringar i reglane for tildeling, tilseier at ein vil godkjende søknader for desse prosjekta på nytt i 2024. Solund kommune sa også frå seg midlar til eit bordtennisbord-prosjekt, som ikkje var stort nok til å få midlar når det ikkje skjedde i samband med utbygging av skulen. Signala frå Vestland fylkeskommune er at dei midlane som er trekt tilbake frå ein kommune, vil bli tildelt det påfølgjande året.

Det er planlagt å søkje om midlar til tursti til Sognesjøhytta, som er påbegynt, og kulturvandringa på nytt i 2024. Det er ikkje planlagt søkt om midlar til uteområdet på skulen, fordi prosjektering av uteområdet ikkje er klar. Det er vidare planlagt å sende inn ein gjenteken søknad på Ramnenipa rundt. Dette prosjektet har fått ein godkjend søknad, og er komen inn i køa, men må fonyast til midlane vert tildelt. Det er også planlagt å sende inn ein søknad om tilskot til dekkelegging (asfaltering) og lyssetting av eksisterande aktivitetsområde på Eide. Dette prosjektet er påbegynt, då det var prekært behov for å gjere noko med dekket på området.

Prioriteringa er sett opp basert på kva prosjekt som er sett i gang i 2023, og ikkje. Prosjekt som får godkjend søknad i 2024, vil kunne bruke fakturaer frå 2023 i rekneskapen.

#### Høyring:

Det har vore to mindre lokale høyringar i samband med revideringa av denne planen. Den første utlysinga bad om ei kort tilbakemelding på om det var aktørar som hadde planar om å søkje om spelemidlar, med svært kort frist. Det var annonsert på heimesida og via Forreningsportalen si samla utsending til frivilligheita i kommunen. På denne utlysinga kom det eitt innspel frå NKKA som peika på fleire prosjekt som burde prioriterast: løpebane rundt kunstgrasbana ved idrettsparken, kulturvandringa, Ramnenipa rundt, opplevingspunkt i Ytre Sula og prosjekt for å ta i bruk sjøhus/sjøhusmiljø til overnatting for besökande.

I utlysing to bad ein om innspel til:

- Prioriteringslista for spelemiddelsøknadane
- Tilbakemelding på om andre aktørar planlegg å søkje
- Planlagt forlenging av kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 - 2023

Det vart gjort merksam på at Solund kommune ikkje kunne stå som søker for andre anlegg enn dei som allereie er i prosess, og som låg i prioriteringslista som var på høyring. I denne høyringa kom det tre innspel. Solund idrettslag peika på: løpebane og aktivitetar for dei minste ved idrettsparken, sherpatrapp i starten av Ramnenipa opp, fartsskilt/ fartsdumpar i vegen mellom idrettsparken og Håneskrysset og skilting til idrettsparken. Solund sendebrettlaug meiner løpebane rundt kunstgrasbana bør prioriterast. Ei gruppe ved Ytre Solund Vekst har spelt inn eit ønske om eit aktivitetsområde i Ytre Sula.

Følgjande liste var på høyring, og det kom ikkje innspel knytt til prioriteringa.

Ordinære anlegg:

1. Tursti Sognesjøhytta
2. Ramnenipa rundt

Nærmiljøanlegg:

1. Dekkelegging og lyssetting av aktivitetsområde Eide

## 2. Kulturvandring Hardbakke

Saka vert handsama i ungdomsrådet 20. november.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren vurderer det slik at alle dei prioritert prosjekta er viktig å få på plass, dei er i tråd med kommunale planar og politiske vedtak. To av prosjekta er sett i gong, og må av den grunn søkjast om spelemidlar til for å kunne få med fakturaer frå 2023.

Solund kommune bør legge opp til å søkje om midlar knytt til prosjekteringen av tiltaka, slik at det vert søkt tettare på gjennomføringa og slik at ein veit at det er gjennomføringskapasitet i administrasjonen innanfor tidsramma når ein kjem så langt. Det bør unngåast å sende tilskot i retur fordi det manglar gjennomføringskapasitet. Med bakgrunn i dette er det ikkje lagt vekt på å prioritere tiltak som ikkje skal søkjast om midlar til i 2024, fordi ein bør sjå nærmare på gjennomføringskapasitet år for år.